

Samarbeidsavtale for styrka satsing på entreprenørskap og lokal næringsutvikling mellom

..... kommune og Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen si landbruksavdeling, Innovasjon Noreg

Fylkeskommunen sitt ansvar:

- Sikre nettverksbygging og erfaringsutveksling, med blant anna å gjennomføre minimum ein årleg møteplass for innovasjonsmiljøa og den kommunale førstelinjetenesta (Entreprenørskapskonferansen).
- Sikre fortløpande oppdatering, informasjon og kommunikasjon til etablerarar og førstelinja gjennom den nettbaserte løysninga kom-an.no.
- Utvikle marknadsføringsmateriell og samordne marknadsføringsaktivitetar for å synleggjere tenesta, knytt opp til nettportalen kom-an.no.
- Medverke til at etableraropplæring kan gjennomføres på eit høgt faglig nivå, med god tilgjenge og til ein moderat eigenandel for etablerarane.

Fylkesmannen sitt ansvar:

- Ansvar for jamlege dialogmøte med kvar einskild kommune.
- Gjennomføre bransjeretta kurs og opplæringstiltak for kommunane vedrørende nyetablering og utbygging innan landbruksbaserte produksjonar.
- Gjennomføre ein årlig konferanse vedrørende landbruksbasert næringsutvikling.

Innovasjon Norge sitt ansvar:

- Ha ei koordinerande rolle for entreprenørskapsarbeidet i Hordaland.
- Gjennomføre regionale/lokale kontordagar, samt bistå på lokalt og regionalt nivå med opplegg innan tema idefangst/knoppskyting ved behov.
- Etablere og administrere tiltak ut over etableraropplæringa knytt til stimulans av nettverk, bruk av mentor, coach som til dømes mentorordninga, etablerargrupper, spesielt med fokus på å fange opp bedrifter med vekstpotensiale.
- Sikre god informasjon om bedriftsøkonomiske virkemiddel, spesielt gjennom eigne heimesider og kom-an.no.
- Tilbod til førstelinja om introduksjonsopplæring i arbeidet til IN Hordaland og bedriftsøkonomiske verkemidlar.
- Ansvar for oppfølging av etablerarar som har fått støtte frå Innovasjon Noreg.
- Skulering av næringsutviklingsapparatet, dvs å utvikle og arrangere kompetansegejevande kurs for førstelinjetenesta.

Kommunen sitt ansvar:

- Avklare korleis kommunen vil arbeide med næringsutvikling og entreprenørskap. Spesifikt kven som skal ha rolla som førstelinjeteneste i kommunen eller etter oppdrag frå kommunen, til dømes regionråd, kommunale næringssselskap osv. Synleggjering og forankring i eigen organisasjon, spesielt på tenestetorget.

- Sette av nok ressursar for å sikre god kvalitet på tenesta, der dei som skal ha rolla som førstelinjeteneste skal gjennomgå kompetansehevingstiltak i regi av partnerskapen.
- Sikre godt samarbeid med regionråda, og legge til rette for gjennomføring av mobiliserings- og opplæringstiltak i samarbeid med regionråda.
- Synleggjere si førstelinje gjennom nettportalen kom-an.no og på eigne nettsider, samt har ein tydeleg link på eigne nettsider til kom-an.no.
- Sikre integrering/samarbeid mellom landbruk og det øvrige næringsarbeidet.

På vegne av partnerskapen:

På vegne av kommunen:

Dato

Dato